

## • Renteauka

– Landbruket bør ta innover seg at situasjonen kan bli vanskelege, seier økonomiske ekspertar. Det er totalen av klimaendringar, overproduksjon og no mogleg renteauke som gjer framtida meir **usikker**.

At Norges bank for første gong på sju år har auka styringsrenta er berre ein del av biletet.

I tala som ligg til grunn for jordbruksoppgjæret er den jordbruksrelaterte gjelda til norske bønder rekna til 62,4 milliardar kroner for 2018.

Skulle bankane auke utlånsrenta med dei same 0,25 prosentane som Norges bank har auka styringsrenta med, vil det gi ein renteauke på 156 millionar kroner for bøndene, og då er berre gjelda som er knytt til landbruket rekna med.

Driftsgranskingane til NIBIO viser at kvart bruk i snitt hadde over 3,3 millionar kroner i samla lånegjeld i 2016, noko som er ei dobling sidan 2008. Men det er store skilnader i kor store gjeld bøndene har.

### Kraftig svekka jordbruk

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, meiner det er tidspunktet for rente-auken meir enn sjølve auken som vil slå hardest ut for landbruket.

– Norsk jordbruk er kraftig svekka det siste halve året. I utgangspunktet er ein renteauke på ein kvart prosent ikkje så mykje. Men det er varsla fleire renteaukar framover, og legg vi til tørken i store delar av landet, som gjer at både likviditeten og inntektene til bøndene blir kraftig svekka i fleire år framover, vil dei merke dette, seier Smedshaug.

Han minner også om at fleire produksjonar slit med overproduksjon og dårlege prisar.

– Det gjer at inntektsmoglegheitene til bonden blir svekka. Tre firedelar av inntekta til bonden kjem frå marknaden.

### Press på statsråden

– Norsk landbruk har i løpet av det siste året blitt dårlegare rusta for renteauken mange fryktar. Situasjonen vil leggje ytterlegare press på den nye landbruksministeren. Han vil få ein krevjande situasjon fram mot jordbruksforhandlingane i 2019.

Kapitalkostnader er eit av grunnlag i forhandlingane.

Smedshaug viser til at tapet etter tørken er rekna å bli opp mot 6 milliardar kroner. Skadeutbetalingar og ekstra løyvingar vil

berre dekkje ein del av tapet.

– I utgangspunktet er det då ei underdekning på 4 milliardar som følgje av tørken. Så kjem inntektsfallet som følgje av overproduksjon. Alle ekstra utgifter gjer situasjonen meir krevjande. Men kor alvorleg situasjonen er, vil vi kunne seie når inntrykket av renteauke, marknadssituasjonen og følgjene av tørken blir tydelegare, seier Smedshaug.

### Kalkulere med fem prosent

– Situasjonen er utrygg. Det må landbruket ta inn over seg, seier Ivar Pettersen, seniorrådgivar i Nibio.

Han viser til rentebanen Norges Bank presenterte i samband med auken i styringsrenta. Det er 25 prosent sjanse for ei styringsrenta på over tre prosent i 2021, og like store sjanse for at renta går ned mot null i 2021.

– Det gjer at bønder bør begynne å kalkulere investeringane sine ut frå ei lånerente på minst fem prosent, seier Pettesen.

Har peikar på større endringar i klimaet som ein annan stor risikofaktor for landbruket.

– Ein annan faktor som er viktig å få med er at Nortura kan få eit kapitalbehov, viss dei ikkje får skikk på huset sitt. Fell ein klimasituasjon som stressar likviditeten saman med rentevekst og det med Nortura, blir det alvorleg.

– Kva bør enkeltbonden gjere i ein situasjon som dette?

– Ha god kommunikasjon og eit godt forhold til banken. Ta vare på likviditeten, og ha gjerne



### Utrykk

«Situasjonen er utrygg. Det må landbruket ta inn over seg.»

Ivar Pettersen, seniorrådgivar i Nibio

ein buffer når det kjem til nedbetalingstid.

– Og så må politikarane vurdere om vi er budde på ein situasjon som er krevjande, og som vil bremse dei omstillingane som landbruket er inne i.

### Gjelda er tredobla

Statistikken viser at den rentebærande gjelda til norsk landbruk er meir enn tredobla sidan midten av 90-talet. I 1995 hadde landbruket 19,2 milliardar kroner i gjeld. I år er den samla gjelda som sagt på 62,4 milliardar. Og då snakkar vi berre om den rentebærande gjelda, ikkje rentefrie lån gitt gjennom ulike særordningar.

Ein firedel av norske bønder har lån og finansiering i Landkreditt Bank. Salsdirektør Emil Inversini seier at det er vanskeleg å seie noko generelt om kor store renteauke landbruket vil tole.

– Vi opplever at dei fleste har rimeleg god likviditet. Men så er det ein liten del som slit, og lever litt frå hand til munn. For dei vil all auke i utgiftene, anten deter straumprisen, fôrprisen eller rentene, slå hardt ut, seier Inversini.

– Men opp til 1,5 prosent renteauke vil dei fleste greie.

Gjennomsnittsbondekunden i Landkreditt har mellom tre og fire millionar kroner i gjeld. Men det er stor skilnad i gjeldsbelastninga. Mange har satsa og investert dei seinare åra.

– Eit stor fjøs for ammekyr kostar fort 8–10 millionar kroner, seier Inversini.

Beste renta for landbrukslån i Landkreditt er i dag på 2,95 prosent. Så aukar renta med tryggleik og betalingsevne.

– Få av kundane våre har over 4 prosent i rente, seier Inversini.

Han trur ikkje bondestanden generelt kjem til å få panikk når renta tek til å stige.

– Dei som får utfordringane er dei som har det krevjande alt i dag.

– Vil Landkreditt Bank auke utlånsrenta no som styringsrenta er heva?

– Vi får sjå kva bankane gjer, men vi vurderer å auke renta, seier Iversini.

Janne Grete Aspen

janne.aspen@nationen.no

# Gjer ein situasjon

**Vanskeleg:** Tørkesommar og overproduksjon gjer situasjonen vanskeleg for

# vanskeleg n endå verre

## Første rente- økning på sju år

Det norske rentenivået skal videre oppover, og innen tre år kan boliglånsrenten være på rundt 4 prosent.

Norges Bank hever som ventet styringsrenten med 0,25 prosentpoeng til 0,75 prosent. Torsdagens renteøkning er den første siden 2011, og er bare første steg mot et høyere rentenivå. Allerede i første kvartal neste år, mest sannsynlig på rentemøtet i mars, blir styringsrenten satt opp med nye 0,25 prosentpoeng. Mest sannsynlig blir det enda en økning i 2019, mot slutten av året.

Prognosene i Pengepolitisk rapport fra Norges Bank anslår at styringsrenten skal heves gradvis til 2 prosent ved utgangen av 2021. En styringsrente på 2 prosent fra Norges Bank innebærer at boliglånsrenten vil øke fra et gjennomsnitt på 2,5 prosent i dag til i underkant av 4 prosent i 2021, ifølge rapporten.

### – Ny tid

Ifølge Norges Eiendomsmeglerforbund vil renteøkningen markere en ny tid for 333.000 boligeiere. For så mange norske boligeiere har aldri opplevd en renteøkning.

– Den første renteøkningen vil bety lite for husholdningens økonomi, og det er heller ikke gitt at det slår ut i høyere boligrente for alle, men det store spørsmålet er hvordan sentralbankens rentesignal vil påvirke folks atferd, sier administrerende direktør Carl O. Geving i Norges Eiendomsmeglerforbund.

Han tror at etter hvert som det kommer flere rentehevinger kan vi forvente at det vil dempe den usunne pris- og gjeldsutviklingen som har vært i deler av landet under årene med rekordlave renter.

### Vekst i økonomien

Renteøkningene er et sunnhetstegn for norsk økonomi, og baserer seg på at oppgangen fortsetter. Men sammenlignet med siste Pengepolitiske rapport fra juni, er forventningene flere år framover skrudd noe ned. Det overrasker sjefanalytiker Erik Bruce i Nordea Markets.

– Norges Bank er blitt mindre optimistisk på vegne av norsk økonomi. Jeg trodde det ville legges mer vekt på at inflasjonen har kommet opp og kronen er svak, sier Bruce til DN.no.

Noen av nøkkeltallene i rapporten anslår at veksten i BNP for Fastlands-Norge stiger med 2,5 prosent i år og neste år, men vil dempes gradvis fremover. Kapasitetsutnyttningen anslås å øke de nærmeste to årene før den avtar litt. Norges Bank venter at arbeidsledigheten går ytterligere ned, og at lønnsveksten øker gradvis. Inflasjonen (prisstigningen) anslås til litt under 2 prosent ved utgangen av 2021.

Neste rentemøte i Norges Bank er 25. oktober.

Hilde C. Kristiansen, NTB

redaksjonen@nationen.no




**Rentehopp:** Sentralbanksjef Øystein Olsen hever styringsrenten med 0,25 prosent. Foto: NTB scanpix

### Fakta

#### Utviklinga i gjeld til norske bønder

Grafen viser dei landbrukstilknytte renteberande låna til norske bønder. Tal i milliardar kroner.



r mange norske bønder. Så kjem mogleg renteauke på toppen.

Foto: Stian Lysberg Solum / SCANPIX.